

## Øversveen – Roa (gnr. 64)

Namna er av dei mange namn der dativforma har vorte teki i bruk som nemneform: Øversvea-Øversveen, Røa-Røen.

Det eldste ein finn om Øversvea som sjølvstendig gardsbruk er av 1801. Namnet er da skrive Øversveen, og bruket er oppført under gardsnr. 135 Langset nordre. Brukar i Øversveen i 1801 var Jon Larsen, som da var 60 år og var gift med Guro Pedersdtr., 55 år. Dei hadde ei dotter, Lisbet Jonsdotter, som da var 19 år. – Fire år seinare gav i 1805 Jon Larsen Øversveen skjøte til svigersonen Johannes Fredriksen Avlsgaarden på Øversvea, da av skyld 1 skinn, for 399 rd., og kjøparen betalde kontant 299 rd. Samtidig gav og kjøparen føderåd til svigerforeldra for levetida. Fjorten år seinare er det i matrikkelframlegget av 1819 fortalt av Svendsrud var lagt til Øversveen, som da hadde ein buskap av store husdyr av 1 hest og 4 naut og ei årleg kornavling på ca. 15 tønner.

Etter atter tjuge år var i 1839 Øversvea vorte delt i to løpenr., nemleg nr. 193 Roen, av skyld 1 ort 11 skilling, som Johannes Fredriksen brukte, og løpenr. 194 Øversveen med ¼ av Svendsrud, som Amund Olsen hadde. – Frå 13 år seinare er eit kommisjonsforlik mellom Amund Olsen og Ole Ringsveen, som da avstod eit seterbol på Nordseteren til Amund Øversveen.

I og med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om Øversveen fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje i den tid var ca. 80 mål, og av dette var 23 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at buskapen av store husdyr var 1 hest, 2 kyr, og den årlege utsæden var ca. 3 tn. korn og 4 tn. settepoteter. Same året, altså i 1865, overlet elles Amund og Ingeborg Øversveen gardsbruket til sonen Ole Amundsen.

Ole Amundsen hadde Øversvea framleis i 1878. Det var da skyldsetningsforretning der, og engelandet Øversveenga vart skyldsett ifrå og selt til Amund Simensen Langset for kr. 1200,-. Samtidig selde og Ole Amundsen resten av Øversveen med ¼ av Svendsrud til oberstløytnant Holmsen for kr. 2000,-.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Øversveen i Fåberg fekk da gardsnr. 64 av samla skyld 3,66 mark, og det var da 4 bruksnr. under gardsnr. 64 Øversveen. Det var: Gnr. 64, brn. 1 Roa, av skyld 0,72 mark, som Jakob Delphin da var eigar eller brukar av, brn. 2 Øversveen med Svendsrud, skyld 1,85 mark, som oberstløytnant Holmsen framleis hadde, brn. 3 Øversveen skog og hamnerett, skyld 0,17 mark, som da låg til Lars Hansen Hindkleiv, brn. 4 Engen, av skyld 0,92 mark, som Amund Simensen Langset var eigar ell. brukar av.

Gardsnr. 64, bruksnr. 1 Roa som her er matrikkelført, var i 1805 vorte unnaselt frå Langset nordre til Torger Pedersen Roen for kjøpesum 300 rd. + føderåd til Marthe Torgersdtr. I 1819 er det opplyst at buskapen av store husdyr på bruket var 2 kyr, og at den årsavlinga var ca. 6 tønner. Tjuge år seinare var det Johannes Fredriksen som hadde gardsbruket Roa, som ved justeringa av matr.skylda i 1839 vart sett til 1 ort 11 skill.

Johannes Fredriksen hadde brn. 1 Røa til i 1854. Da selde han ein del av bruket til Peder Jonsen for 250 spd. og resten av bruket til kaptein P. C. Thrane for 400 spd.

Kaptein Thrane hadde elles sin part av Roa berre i sju år. Da gav han i 1861 skjøte til fanejunker Christian Larsen Skjeggestad for kjøpesum 560 spd. Den nye eigaren hadde deretter brn. 1 Roa til sin død, og kontrollør Jacob Delphin kjøpte i 1878 bruket ved auksjonsskjøte for kr. 2500,-. Såleis var det altså så at Jacob Delphin i 1886 hadde grn. 64, brn. 1 Roa.

Oberstløytnant Holmsen hadde grn. 64, brn. 2 Øversveen med  $\frac{1}{4}$  av Svendsrud til i 1895 da gav han den 16. april s.å. skjøte til Paul Gerhard Sand på Øversveen med Svendsrud, og dessuten Langset nordre og øvre og Nordsetra (60 -4) for kjøpesum kr. 24500,-.

Paul Gerhard desse egedomane til i 1901. Da selde han dei til Jon Knudsen Aarnes for kr. 27000,-. Og etter atter seks år gav så i 1907 Jon Aarnes skjøte til Martin T. Holte på dei same egedomane for kr. 25000,-. Men da var skogteigen brn. 5 Øversveteigen fråskilt og hadde fått brn. 5 av skyld 0,30 mark.

Grn. 64, brn. 3 Øversveen, seter med skog og hamnerett, som i 1886 tilhørde Lars Hansen Hindkleiv, gjekk derimot inn i Lars Hansen Hindkleivs dødsbu og vart selt til Johannes Jensen Skog.

Grn. 64, brn. 4 Engen, som Amund Simensen Langset i 1886 var eigar ell. brukar av, vert derimot i 1908 selt ved skjøte frå Amund Simensens enke, Karen Lillelien til kjøpmann Olaf Johannesen. – Av handlar med gardsnr. 64 eller parsellar av garden i seinare tid tek vi elles med dette: Grn. 64, brn. 6 Birkelyringen, av skyld 0,05 mark, vart i 1917 selt til Jon Aarnes, og tre år seinare kjøpte Simen E. Holtlien brn. 7 Fredly, av skyld 0,07 mark. I 1929 var det Einar T. Holte som hadde overtatt brn. 8 Skaugbo, skyld 0,30 mark, og i 1936 kjøpte Ingeborg Bye-Wågård brn. 9 Roateigen, og Oskar Svendsrud kjøpte samtidig brn. 10 Harabakken, skyld 0,03 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 vart det ikkje registrert noko bruk med eit jordbrukareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da) under gardsnr. 64 Øversveen.